

# Avtale

## Storslalåmløypa.

Det er med dette inngått samarbeidsavtale mellom

- Voss Resort Fjellheisar AS (VRF), org nr 991 371 044,

og

- Tråstølen Ski AS (TS), org nr 894 859 172,
- Voss Alpin v/Voss Idrottslag, org nr 974 806 428 og
- Idrettslaget Ørnar, org nr 971 394 382

på utbygging, drift og bruk av Storslalåmløypa i Bavallen (Storslalåmløypa)

### 1. Bakgrunn for avtalen

VRF har saman med Tråstølen Ski AS og Voss Alpin v/Voss Idrottslag og Idrettslaget Ørnar (VA) planar om utbetring av Storslalåmløypa i Bavallen, ref. kart på utvidinga som **Vedlegg 1.**

Arbeidet skal bestå i utviding av løypa for å tilfredsstilla FIS sine internasjonale krav til gjennomføring av renn i slalåm, storslalåm og super-Gog montering av snøkanoner med røyrgate og stasjonære lansekanoner.

Voss herad har i eksisterande avtaleverk med berørte grunneigarar rettar til bruk av Storslalåmløypa. Avtalen varer i 40 år fram til og med 2030. Rett til bruk av Storslalåmløypa er vidareført frå Voss heradtil VA, jf vedlagt avtale av 09.12.2005 som **Vedlegg 2.**

Tråstølen Ski AS står som eigar av Myratrekket, nokre snøkanoner og lysanlegg i Alphasløypa, som er leigd ut i næring til idretten/VRF, jf vedlagte avtalar som **Vedlegg 3-5.** Tiltak som nemnt i pkt 4 (Tiltaket) skal anskaffast i TS for tilsvarende utleige.

Voss IL og IL Ørnar eig i tillegg aksjane i Bavallen Varmestove AS, der 1. plan er utleigd til VRF og der VA disponerer kontor og garasje, jf vedlagte planteikningar som **Vedlegg 6.** Intensjonen er at VRF (eller anna selskap i Voss Resort-konsernet), skal kjøpa aksjane i selskapet der VA sine eksisterande rettar i bygget blir vidareført i ei leigekontrakt som blir tinglyst. Bruken er vederlagsfri for VA. Vederlag for kjøp av aksjane skal medgå til finansiering av Tiltaket, jf pkt 6.

Bavallen Varmestove AS står som eigar av parsellane gbnr 51/55 og 51/29 på høvesvis 2,2 og 1,6 dekar, totalt 3,8 dekar i Voss herad.

## **2. Avtalens innhald**

Denne avtale skal regulere partane sine rettar og plikter ved felles utbygging, drift og bruk av Storslalåmløypa.

## **3. Partane sine plikter og rettar**

VRF pliktar å gje tilskot til prosjektet som nemnt i pkt. 5 og å kjøpa aksjane i Bavallen Varmestove AS som nemnt i pkt. 6.

VA pliktar å betala totalt kr 2 050 000 av dei totale byggekostnadane til utbygging av Storslalåmløypa som nemnt i pkt. 4.

På vilkår av at VRF har betalt for kjøp av aksjane i Bavallen Varmestove AS, jf pkt 6, pliktar Voss IL og IL Ørnar å betala eit vederlag til tiltaket likt med kjøpesummen mot å få bruksrett hjå VRF/Voss herad til idrettsleg bruk av storslalåmløypa i 30 år, frå 2030 til 2060.

TS skal stå som eigar av Tiltaket (med unntak av grunnen) og drifte dette i næring i samarbeid med VRF, jf vedlagt driftsavtale som **Vedlegg 7**.

## **4. Tiltak i Storslalåmløypa – gjennomføring.**

Tiltaket og gjennomføringa er som fylgjer:

- (I) Utviding/senking og planering av fylgjande prioriterte punkt i løypa (som avmerka på kart) med formål om å få godkjent breidd (ca 40 meter) på løypa.

1. Heldalshenget
2. Kronprinsen
3. Donaldhoppet
4. Iskulen
5. Nedre del av Myra

(II) Utsifting/flytting av lysmaster skjer etter behov, og montering av totalt 22 stasjonære snøkanonuttak til lansekanoner skjer i høve til kravspekk som vist på kart (Vedlegg 1). I tillegg skal det kjøpast inn 5 viftekanoner som blir kopla til eksisterande uttak.

Tiltak I og II skal gjennomførast innan 01. november 2020.

## **5. Finansiering**

Tiltaket har ei kostnadsramme på totalt kr **13 300 000** eks mva der kostnadselementa er som fylgjer:

<b>Finansiering</b>		
Tilskot spelemidlar (Lån)	5 prosjekt	5 000 000
Off. tilskot og gåver		2 050 000
Sal aksjar i Bavallen Varmestove AS		4 000 000
Tilskot Voss Resort AS		1 000 000
Kompensasjon tomt (TS)		1 250 000
		<b>13 300 000</b>

Dugnad kjem i tillegg med kr 1 700 000, som gjev ein total kostand på kr 15 000 000 eks mva.

Det blir herunder vist til vedlagt oppstilling som **Vedlegg 8**.

#### **6. Bavallen Varmestove AS – sal av aksjar.**

VRF pliktar etter denne avtale vidare å kjøpe aksjane i Bavallen Varmestove AS for vederlag stort kr 4 000 000, jf vedlagt signerte kjøpekontrakt som **Vedlegg 9**.

For det tilfellet at VRF vil rive eller omdisponere bygget skal VA sin rett til vederlagsfri bruk av tilsvarande areal (kontor og lager) overførast til nytt bygg. Partane skal saman bestemme om lokaliteten enten skal ligge i Bavallen eller på Tråstølen. Voss IL/IL Ørnar kan uansett bestemme at ny lokalitet skal ligge i Bavallen.

#### **7. Omdisponering av området – sal av leilegheiter**

For det tilfellet at VRF bestemmer at området rundt Bavallen Varmestove skal omdisponerast til sal av leilegheiter skal Voss IL/IL Ørnar v/alpingruppene motta minst kr 1 250 000. Beløpet skal indeksregulerast etter konsumprisindeksen pr november 2020 og forfell til betaling ved tildelt byggelån. For det tilfellet at det ikkje blir utbygging av leilegheiter pliktar Voss Resort å yta ei tilleggsfinansiering stor kr 1 250 000, jf pkt 5. Beløpet forfaller til betaling iht oppsett i vedlegg 8.

#### **8. Misleghald – tvisteløysing**

Twist om avtalen skal søkjast løyst ved forhandlingar eller ved felles innkalla meklingsmann.

#### **9. Tinglysing**

Denne avtale kan tinglysast på gbnr 51/29 og 55 i Voss herad for VRF si rekning.

Denne avtale i 1 eksemplar som blir oppbevart av Voss Resort Fjellheisar AS og med stadfesta kopi av tinglyst avtale til kvar av dei andre partane.

Voss, den 05.06.2020.

Voss Idrottslag

Idrettslaget Ørnar

-----  
Tore Tvilde

-----  
Rigmor Løno

Tråstølen Ski AS

Voss Resort AS

-----  
Knut Ketterman

-----  
Øyvind Wæhle

Voss Alpin

Voss Resort AS

-----  
Olav Lødemel

-----  
Sigbjørn Slåtten

Vedlegg:

1. Kart over Storslalåmløypa
2. Avtale Storslalåmløypa av 19.12.2005
3. Div leigeavtaler/driftsavtale
4. Planteikningar Bavallen Varmestove
5. Driftsavtale Tråstølen ski – VRF
6. Planteikning Varmestova
7. Driftsavtale Tråstølen Ski – Voss Resort Fjellheisar AS
8. Økonomisk oppstilling
9. Aksjekjøpsavtale Bavallen Varmestove AS
10. Kjøpekontrakt aksjar Bavallen Varmestove AS